

BOKN BYGDABLAD

NR 9 - NOVEMBER 1993 - ÅRG. 8

UTGJEVAR.: BOKN KULTURKONTOR

RØYKFritt PÅ KOMMUNALE ARBEIDSPLASSAR?


Blir det heilt røykfritt på kommunale arbeidsplassar i Bokn?

Arbeidsmiljøutvalet i Bokn vedtok den 18. oktober med 7 mot 2 røyster at alle kontor og møterom på Boknatun skal vera røykfrie frå 1. november i år. Vidare vart det vedtatt at Allrommet skal kunna nyttast som kantine for dei tilsette, og at det der skal vera tillatt å røykja frå kl. 11.45 - 12.00.

Det vart vedtatt at det ved Bokn skule vert forutsett utarbeidd ein handlingsplan for eit røykfritt miljø innan 1996. (I dag er det avsett eit røykjerom i kjellaren).

I Bokn barnehage avd. Kyrkjebygd, skal det vera som i dag. Det vil seia at dei tilsette kan røykja i eige rom i 3. etasje. I barnehagen si avdeling i Alvestadkroken skal det vera røykfritt. Der fins det ikkje rom til røykjing.

Arbeidsmiljøutvalet forutset at det også i barnehagen vert utarbeidd ein plan for røykfritt miljø innan 1996. Reint generelt seier Røykelova at alle offentlege og private ekspedisjonslokale, korridrar, m.v.



der folk oppheld seg skal vera røykfrie, så denne delen skulle forutsetningsvis vera grei.

Vedtaket i arbeidsmiljøutvalet har utløyst mange reaksjonar, og det er kome inn to protestar mot vedtaket. Dei som har protestert meiner at vedtaket er for bastant, og klagar på at saka på førehand ikkje er sendt ut på høyring.

Arbeidsmiljøutvalet vil venteleg på grunnlag av protestene ta saka opp på nytt, då det kan vera tatt på feil grunnlag. Bokn Bygdablad har fått opplyst gjennom Arbeidstilsynet at arbeidsmiljøutvalet ikkje kan vedta røykeforbod, men berre sjå etter at reglane vert overhaldne. Dei kan elles t.d. ovafor kommunestyret som er arbeidsgjevar/eigar av lokala tilrå røykeforbod i dei kommunale bygga.

Tidlegare ordførar: Utvikling i Bokn etter fastlandstilknytinga?

Med store overskrifter og illustrerande bilete skriv Stavanger Aftenblad den 6. oktober i år at på Rennesøy går det meste betre etter Rennfast. Butikkane har totalt sett fått meir handel, sjølv om ein er nedlagd, nytt vertshus ved Utstein Kloster har gitt ny aktivitet og nye arbeidsplassar, Vikevåg Trelast har auka handel av folk frå Rennesøy, og campingplasser har hatt ein god sesong. Vidare har det vore stor tilstrøyming til Utstein Kloster, og kommunen planlegg eit kulturminnesenter på Sørbø til ca. 1 mill kroner innan 1996. Tilflyttinga til kommunen har også auka.

Kva med Bokn? Har Bokn hatt same utviklinga etter fastlandstilknytinga?

Noko av den same utviklinga som Rennesøy hadde, har ein også hatt i Bokn, med markert auke i folketalet, auka bustadbygging og stabilisering i daglegvarehandelen, stikk i strid med spådomane. Dårlegare har det vore med nyetableringar av arbeidsplassar. Rett nok kan folk nå bu i Bokn og ha arbeid i andre kommunar, men dette har også den sida at mange bur i andre kommunar og har arbeid i Bokn.

Bokn Bygdablad har snakka med Ingolf Kro. Han har vore ordførar for Senterpartiet i Bokn i 8 år, først frå 1964 - 1970, og så frå 1976 - 1978. I fylkestinget sat han frå 1964 - 1972.

Ingolf Kro fortel at han sjølv tidlegare har arbeidd aktivt for å prøva å få til nyetableringar i Bokn, og veit kor vanskeleg dette er. Han gir uttrykk for at dersom det ikkje kjem storindustri på Ognøy, er det lite truleg at det elles kjem noko større bedriftsetablering til Bokn. Dei seinare åra er det stort sett oppdrettsverksemda for laks og Bokn Fiskemottak som er nye næringar. Desse har hatt sine problem, og det syner kor vanskeleg det er å etablera nye verksemder som gir gode stabile arbeidsplassar, sjølv om ein på førehand har gode naturgitte forutsetnader. Han meiner at det må satsast meir på å vidareutvikla det som alt fins på Bokn - t.d. vidareforedling av fiskeprodukt. Kunne dette vera noko for fiskemottaket?

Ingolf Kro seier at han gjennom reiser på Vestlandet har sett korleis bønder og andre har utnytta dei mulighetene som fins innan turisme. På svært mange gardar er det bygd fleire hytter som gir gode tilleggsinntekter til garden. Dette forutset

imidlertid at kvinnene på garden er heime og gjer dette arbeidet muleg. Han meiner at dette er noko ein kunne satsa meir på i Bokn. Dette kunne også vidareutviklast ved at dei som leiger ut hytter kunne tilby fiskerett i vatn, dei kunne ha tilbud om riding, interessante turstiar m.v. Det viser seg at slike ting har ein fått til andre stader, så kvifor ikkje her?

Også andre ting som byggjer på gardsdrift burde kunna utnyttast og byggjast vidare på med tanke på tilleggsinntekter. Ingolf Kro seier at det ser ut som at kvinnene på gardane i Bokn meir har ein tendens til å vilja arbeida utanom garden, og at dette lovar dårleg for å kunna utnytta dei mulighetene som ein gard kan gi ved å prøva å satsa på nye "nisjer" t.d. innafor utradisjonelle produkt innafor hagebruk, pyntegrønt o.l. eller dei mulighetene som den auka turisttilstrøyminga gir. Han meiner også at ein eller to campingplassar med adgang til parkering av bu-bilar måtte kunna drivast og gi inntekter og arbeidsplassar i Bokn. I så måte meiner han at den plassen på Austre Bokn ved Boknasundet har gode naturgitte muligheter til å kunna drivast - med lett tilgang til sjø og fiske, og fin plassering i høve til riksvegen. Kommunen burde kunna gi eigarane sjanse til å prøva dette skikkeleg.

A&O VIDEO ans SLUTTER!

Etter vel to og et halvt års drift ønsker nå vi i A&O Video ans å "trekke inn årene". En vidareutvikling av bedriften vil bli alt for dyr. Vi regner med at dersom vi skal komme på høyde utstyrsmessig med konkurrentene, så må vi gjøre investeringer i størrelsesorden 200 - 250.000 kroner. Da er det, slik vi ser det, klokest å trekke inn årene før vi blir nødt til å trekke inn årene.

Det er altså viktig for oss å understreke at vi IKKE går konkurs, men rett og slett slutter av mens "leken er god".

Dersom du fremdeles skulle lure på noe i forbindelse med avviklingen av firmaet, ta kontakt med oss - ikke andre - så får du den informasjonen du trenger.

MINNER FRÅ FORNA DA'R

Eg vil prøva om eg kan få til å skriva om nogen hendelser frå gamle dagar. Eg har opplevd 2. verdenskrigen. Den fyrste krigen har eg ikkje så mykje minne om. Eg kan hugsa rasjoneringskort på brød. Og noge dei kalla for "kaffirot", det var til å ha på kaffikjelen. Eg hugsar ein livbåt full av folk, dei kom roanes gjennom Straumen. Det var nogen som var forlist utenfor her.

Det eg hugsar best var at far min fant to miner på Grønnestadvågen. Det kom folk frå marinen og demonterte dei. Ammunisjon låg i nogen rauda kassar. Far spurde om han kunne få noge av sprengstoffet til å gi bøndene til å sprengja stein med. Men det gjekk ikkje. Sprengstoffet og dei hyllene det låg i blei søkkt på Trollhavet. Det hugsar eg så vel. Det er alt eg hugsar frå 1. verdenskrigen.

Nille Torland bar meg til dåpen. Sigvald og Dina Loten var fadderar. Eg fekk ei sylvskei i dåpsgåve av dei. Halve skeia har eg ennå. Eg hugsar og at me rodde til han Kristian i Ådnaneset etter sure melk. Dei hadde ei ku. Der var 4 husstandar i Ådnaneset i den tida. Kristian og Syvert var brør. Husa deira stod tett i kvarandre. Kona hans Kristian heite Rakel. Me kalte henne alltid for Rebekka. Skulle ein ha doktor i den tida rodde ein til Kopervik. Ein kom med doktoren i bakskoten godt innpakka.

Det var dr. Valør i Kopervik og dr. Jensen i Skudenes. Han kom med båt til Dalhabn i Jøsen. Eg hugsar og når dei bygde Jøsenvegen. Den var ferdig i 1918 då eg var 5 år. Formannen heitte Aanen Munkejord. Han budde her i Straumen mend dei arbeidde på vegen. Den gjekk til leet (grindå) ved Marselius Jøsang. Eg var også med og arbeidde på veg til Loten. Der fekk eg sparken for at eg ikkje hadde familie. Dei måtte vera familieforsørgjerar for å få arbeida. Det var harde tider då. Eg var og i slåtten hos Martin Jøsang, men det var nogen år tidlegare. Om mandags mårånar var det vanskeleg å koma seg opp, ein hadde vore ute heile natta. Eg trudde ikkje det var så farleg om eg kom på arbeid i 11-tida. Martin var etter posten. Han kom ikkje til Søndaland før i 11-tida han heller. Men ho Malena hadde antageleg fortalt han at eg var så seine. "Viss du ikkje kan koma om mårån tidleg, så kan du vara hima", sa han. Det tykte eg var så forsmedligt. Eg kom meg på arbeid tidlegare etterpå. Eg hadde kr. 2,50 for dagen på eigen kost. Det var mest umuligt å få hyra og koma seg til sjøs., men endelig fekk eg hyra som lettmatros ombord i M/T "President Herrenscmidt". Eg lånte sjøsekken av Syvert i Oksebåsen og reiste til Dunkerqe. Eg hadde bl.a. 3 ullbolar med meg på varmen. Dei blei aldri brukte. Eg sykla med sjøsekken til

Føresvik kvelden i forvegen. Tok Natrutra til Stavanger neste morgen kl.07.00. Mor mi fylgde meg eit stykke på vegen. Eg hugsar at mor gråt då eg for. Det var trist for oss begge. Etter den tid blei det sjøliv for alvor, unntatt under krigen.

Eg har sett så mykje ute i verden både av vondt og godt. Men eg vil ikkje vera den tida foruten allikevel. Nå vil eg setja punktum for dette kapitlet og begynna med ei historie om sauetransport. Det kjem i neste nr.

Helsing Hilmar Svendsen.

ROSEMÅLING

Er du på leit etter presang? Ta turen til Liv Lie. Askjettar, trefat, tresleivar, kister, m.m.

Prisar frå kr. 75,-

Fredag 3.12. frå kl. 18.00 kan de koma og sjå når eg rose målar.

MOSEKRANSAR

HAR ME OGSÅ TIL SALS I ÅR

MANNSBUNAD

(Rogalandsbunad) storl. ca. 54, brukta
3-4 gonger til sals.

Lie - tlf. 52 74 85 54

BOKN KOMMUNE:

Mindre til driftsutgifter i 1994

Dei kommunale etatane må redusera utgiftene

Det var rammeoverføringa frå staten som sette støkket i politikarar og administratorar i Bokn kommune nyleg. 1 million kroner mindre i overføringsar frå staten enn forutsett har medført at etatane har måttat revurdera og spara inn på dei opprinneleg oppsette budsjettforsлага. Dette må til for at ein i det heile skal kunna tenkja på nye investeringar. Som kjent er det planlagd vidare utbygging/fornyng av Bokn skule, bustadprosjekt og utbygging av Bokn sjukestove. I tillegg er det under planlegging ny barnehage. Grendahus er også på ynskjelista.

Dersom dette med tid og stunder skal kunna realiserast, vert ein nøydd til å få ned driftsutgiftene slik at ein har ledige midlar til del-finansiering av

utbyggingane. Dei siste åra har det vore aukande utgifter til drift på dei fleste sektorane, og det er dette ein nå vil prøva å gå nøyne etter i saumane for å sjå om det er noko å henta til investeringar.

Inntektene som er lova frå Kårstø-anlegget på 1,1 mill. kroner, vågar ikkje rådmannen å leggja inn i budsjettet på dette tidspunktet, sidan det har vore visse tvil om storleiken på beløpet. Dei får heller koma som ei gledeleg overrasking dersom og når dei kjem i 1994.


P.g.a. at budsjettet ennå ikkje er vedtatt for 1994, er det vanskeleg å seia kva verknader innsparingane vil få på dei kommunale tilboda. Ein vil koma tilbake til dette når budsjettet er endeleg vedtatt.

AUSTBÅEN FYR PÅ KAIEN I HAUGESUND

Fyrlampen som sto nord for Svartaskjeret i Boknasundet vart erstatta av ein ny under Boknasund bru då denne vart bygd. I fjor sommar oppdaga mange boknarar at fyrlampen var flott plassert sentralt på kaien i Haugesund.

Det tok seg unekteleg fint ut i det maritime miljøet. Men Bokn har også ein kystkultur og eit maritimt miljø å ta vare på. Slik sett er denne fyrlykta

eit kulturminne frå nyare tid som burde ha blitt verande ein eller annan stad i området kor han tidlegare sto. T.d. har me eit fint sjøhusmiljø i Alvestadkroken. Dei fleste trudde vel at han skulle nyttast som fyrlykt ein annan stad, og ikkje som pynt på kaien i Haugesund? Hadde ein visst dette, ville vel Bokn kommune hatt interesse av fyrlykta som eit nyare kulturminne? Men nå er det kanskje for seint?



Bilete frå Haugesunds-kalenderen 1994

MINNEORD

Bertha Serine Øvrebø er død, 79 år gammal.

Serine Øvrebø er fødd og oppvaksen i Våga på Austre Bokn der ho var eldst av tre søskener. Mor hennar var frå Lindås i Hordaland, medan faren var frå Våga.

Serine vart gift med Lars Øvrebø. Dei busette seg i Øvrabøvågen og fekk tre barn.

Ektemannen dreiv fiske, og var i lengre periodar bortreist. Då kvilte ansvaret for heim og barn

på Serine, og dette skjøtte ho på ein god måte. Ho var ei flink og god mor og husmor, og var flink med hendene. Ho la såleis ned det meste av arbeidet sitt for mann og barn.

Etter at barna var vaksne og utflytta, bygde Serine og Lars hus i Alvestadkroken, og har budd der sidan.

Ektefellen Lars og dei tre barna lever etter Serine. Ho har elles etter seg barnebarn, oldebarn, søskens og svigerinne.

Framtida til bygdabladet.

Me er fire personar som sit i bygdabladnemda. Det er ikkje meiningsa at me fire skal skriva eller skaffa til veie det stoffet som skal stå i kvart nummer av Bygdabladet. Me er heilt avhengige av at alle boknarar er med og gjer Bygdabladet til eit livskraftig blad. Dei siste nummera har nok bore preg av at me har fått inn for lite stoff. Sume boknarar har vore trufaste bidragsytarar, og no håpar me berre på fleire. Mange tykkjer at dei ikkje er skriveføre nok. Hugs at det er bodskapet i det du skriv som er det viktigste. Skrivefeil og liknande skal me nok klara å retta opp. Det gjeld for oss å få inn stoff som andre med røter i Bokn er interesserte i å lesa.

Eg har tidlegare oppmoda dei ulike kommunale etatane til å bruka Bygdabladet for å informera. Mitt håp var at kvar etat kunne ha fast spalteplass i kvart einaste nummer av Bygdabladet. Kvar og ein har det travelt i det daglege arbeidet, og ein har difor lett for å gløyma at å informera innbyggjarane i kommunen er ein viktig del av det arbeidet ein gjer. Skal me ha eit livskraftig Bygdablad er me heilt avhengige av ein fast straum av kommunal/statleg informasjon. Om me vil at Bygdabladet skal vera noko meir enn eit flygeblad må me arbeida saman for å få dette til. Me må med andre ord trø til og ta pennan fatt. Då skal me nok saman få til eit Bygdablad me kan vera stolte av.

Helsing

Arvid (medlem av bygdabladnemda).

KOMMUNALT VATN TIL ARSVÅGEN

I møte som Bokn kommune har hatt med Vegkontoret i Rogaland, har ein forhandla om framføring av kommunalt vatn frå Kyrkjebymgd Vassverk heilt ut til Arsvågen. Dette vil då kunna forsyna både ferjeterminalen og busetnaden sørover frå Håland mot Are. Det er meiniga at dette prosjektet skal kunna gjennomførast i eit samarbeid mellom Statens Vegvesen og Bokn kommune. Tidspunktet for ferdigstilling er sett til 1994. Saka må behandlast av dei kommunale organa, og det må finnast midlar til finansiering.

Forhandlingane gjekk også på kor

vidt det kunne setjast opp lys i vegkrysset på avkjøringa til Vestre ved Knarholmen, og avkjøringa til Austre Bokn på austsida av Boknasund bru. Spørsmålet om det var muleg å få lys på Boknasund bru vart også tatt opp. Bokn kommune har ikkje fått lovnad på at noko av dette kan realiserast den nærmaste tida.

Bokn kommune har også vore interessert i eit samarbeid med Vegvesenet når det gjeld istandsetjing av 2. etasje av ferjeterminalen på Arsvågen til selskapslokale el.l. Dette kan det muligens bli ei løysing på.

VANSKELEG Å FÅ MEDHALD VED KLAGE PÅ BETALING FOR RENOVASJON ?

Det er alt nokon som har klaga på at dei må betala full renovasjonsavgift sjølv om dei meiner at dei ikkje nyttar ordninga fullt ut, og dermed burde hatt reduksjon i betalinga. Ordninga med tvungen renovasjon fungerer slik at kommunen må refundera abbonement for alle husstandane til renovasjonsselskapet, og det er dermed sett svært strenge

reglar for å sleppa å betala. Nokre har alt nå fått behandla klager på at dei må betala full renovasjonsavgift sjølv om dei er ein del bortreist. Også hytteeigarar som seier at dei mest ikkje brukar hytta har klaga. Bokn formannskap hadde nyleg nokre saker til behandling, men praksisen ser ut til å bli slik at få får medhald i klagene.

BOKN FOLKEBIBLIOTEK


OPNINGSTIDER:

TIRSDAG : Kl.10.00 - 13.30

ONSDAG : Kl.16.00 - 19.00

TORSDAG : Kl.10.00 - 13.30

LESETIPS FOR NOVEMBER



BARN OG UNGDOM

Berg,Rolf:
Sterkere enn døden

Gaarder Inger M:
Den forheksede selen

Kierulf,Anne:
Nicolines kattunger

Riis,Annie:
Ikke denne jenta,nei!


VAKSNE

Kjærstad,Jan:
Forføreren

Michelet,Jon:
Farvel til en prins

Nilsen,Tove:
Øyets sult

Nyquist,Arild:
Ungdom



KJÆRE BOKVENNER

SJÅ ETTER I BOKHYLLA DI,
KANSJE DU HAR BØKER DU
SKULLE VORE ATTENDE MED ?

HEIMEKOMPOSTERINGS-ORDNING I BOKN KOMMUNE

Bokn formannskap vedtok den 30. september at kommunen skal setja i gang eit frivillig ordning for heimekompostering.

20 husstandar som har sagt seg interessert i varmekompostering skal få støtte til innkjøp av bingje i 1993. Vidare er det vedtatt at ytterlegare 20 husstandar i 1994 skal få same støtte (kr. 600,- pr. binge) dersom det kan finnast dekning i budsjettet neste år.

Heimekompostering av kjøkken- og hageavfall blir sett i gang som ei

prøveordning. Statens forureiningstilsyn har oppfordra kommunane til å arbeida aktivt omkring problema med det organiske avfallet, då slikt avfall på avfallsplassane bidrar til store mengder metangass under nedbrytingsprosessane. Metangass er ein av klimagassane/"drivhusgass", og bidrar til klimaendringar.

Med varmekompostering heime vert organisk avfall omforma til jorforbetringsmiddel, og er såleis ein ressurs for hageeigarar.



3 + Sparekonto



Høgrente pluss bonus.

3 + Sparekonto er det beste tilbodet vårt for langtidssparing. 3 + Sparekonto er ideell til fleksibel pensjonssparing, og er godt egna som gave til dåp, konfirmasjon, bryllaup og fødselsdag. Du får same renta som SR-Høgrentekonto startar på, pluss veksande bonus for kvart 3. år kontoen står urord.

Kom innom, så får du vite meir om det nye spare- og gåvetilbudet vårt.

Dei beste ønskjer for framtida



"HOBBY-KJELLEREN"

Åpent

mandag - fredag 17.30 - 19.30

lørdag 10.00 - 13.00

torsdag stengt

KURS

12-13 OG 19-20 nov. Sem av kler.

Kurspris kr. 200,-

+ stoff etc.

3 og 4. des. Maling på tre

Kurspris kr. 100,-

+ maling, treartikler etc.

HOBBYKVELDER:

Julemesseverksted; torsdag 25. nov

Glassmaling; onsdag 30. nov

Julegaveverksted; torsdag 9. des

Victoriansk julepynt; 16. des

Hobbykvelder; For personer uansett alder som har lyst til å lage julepynt og/eller julegaver.
Symaskiner til disposisjon, kun evt. materiellkostnader.


Juleverksted for barn 6 - 9 år; tirsdag 7 og 14 desember

Juleverksted for barn fra 10 år; onsdag 8 og 15 desember

Juleverkstedet for barn vil koste ca. 50kr. pr.barn i hjelpmateriell eks. maling, pensler o.l. I tillegg kommer
sleydmateriell, stoff o.l. etter forbruk


**Interesserte bes ringe 52 748403
innen 7. november.**

Hilsen Solrunn



GRENSELØS OMSORG

Innsats for krigsofre
Norges Røde Kors TV-aksjon
14. november 1993



GRENSELØS OMSORG

Innsats for krigsofre
Norges Røde Kors TV-aksjon
14. november 1993



GRENSELØS OMSORG

Innsats for krigsofre
Norges Røde Kors TV-aksjon
14. november 1993



GRENSELØS OMSORG

Innsats for krigsofre
Norges Røde Kors TV-aksjon
14. november 1993



GRENSELØS OMSORG

Innsats for krigsofre
Norges Røde Kors TV-aksjon
14. november 1993

TV-AKSJONEN 1993: GRENSELØS OMSORG

Innsats for krigsoffer

TV-aksjonen 1993 er gitt Norges Røde Kors og skal gjennomførast den 14. november. Tema for aksjonen i år er "Grenseløs omsorg". Dei innsamla midlane vil i hovudsak gå til krigsoffer i land som Bosnia, Somalia, Mosambik og Sri Lanka.


I tillegg vil inntektene frå aksjonen gå til det frivillige omsorgsarbeidet blant barn og eldre i Noreg.

I tida framøre TV-aksjonen skal det gjennomførast ein kampanje ovafor næringslivet i Noreg.

I Bokn er skal den same komiteen som tidlegare år gjennomføra aksjonen. Frå år til år er det ulike frivillige organisasjonar som har den praktiske delen med innsamlinga.

Sidan det i år er Røde Kors som har fått aksjonen, er det sjølvsagt at det vil bli det lokale Røde kors i Bokn som vil foreta den praktiske delen av innsamlinga.

Innsamlarane vil gå ut frå Boknatun frå kl. 14.00 sundag den 14. november. Ta vel imot dei!



GRENSELØS OMSORG

Innsats for krigsofre
Norges Røde Kors TV-aksjon
14. november 1993



BOKN KOMMUNE

4290 BOKN

LEDIGE STILLINGAR I PLEIE- OG OMSORGSTENESTA

Avdelingssjukepleiar 100 og 75%

Me tilbyr varierte arbeidsoppgåver i eit fagleg interessant arbeidsområde innafor modellen med samordna tenester: heimebasert omsorg, institusjon, legekontor og legevaktsentral. Samarbeid med fleire faggrupper - i eit miljø til å trivast i. Arbeidet er i turnus med vakt kvar 3. helg. Ein må kunna disponera bil i arbeidet. Fagleg oofpulgjing (felles og individuelle kurs).

Tilsetjing på vanlege kommunale vilkår. Arbeidsgjevar vil hjelpe til med å skaffa bustad og barnehageplass/barnepass.

Bokn kommune set set pris på sjukepleiarane, og har omgjort alle sjukepleiarstillingane til avdelingssjukepleiarstillingar, st.kode 7021, l.r.26.1, ltr.14 - f.t. kr. 192.233,- pr. år.

Ta kontakt med oss for ein prat/orientering! Du treffer pleie- og omsorgssjef eller oversjukepleiar på tlf. 52 74 85 00, linje 125 eller 121. Har du lyst til å gje deg sjølv (og oss) ein sjanse, sender du søknad med kopi av attestar og vitnemål til: Bokn kommune, Tilsetjingsutvalet, 4290 Bokn innan 10.11.93. Oppgi ønska stillingsandel i søknaden og når du kan begynna.

Rådmannen

INFLUENSAVAKSINE!

Influensavaksine er nå komen. Er du over 70 år er vaksinen gratis. Elles kostar det kr. 80,-. Ta kontakt med legekontoret mandagar eller torsdagar.

Helsetenesta

SOKNERÅDET FEKK FORNYA TILLIT VED VALET 10.OKT.

Av det sitjande soknerådet var det berre Leiv Våga som ikkje stilte på ny. Dei andre fem stilte og vart attvalde. Som ny kom inn: Randi Are

Valet var slik:

- 1 Marie Vågshaug
- 2 Sigwart Våga
- 3 Kjell Kro
- 4 Randi Are
- 5 Sverre Øvrebø
- 6 Sigmund Alvestad

Varamenn:


- 7 Jakob Are
- 8 Reidar Øvrebø
- 9 Elilse Nedrebø
- 10 Astrid Øvrebø
- 11 Anny Wåge

HARITSEN STUDIO

Nå som Mona har begynt sin
permisjon, vil vi forandre
åpningstidene.

Salongen blir stengt onsdager
pluss annenhver lørdag.

Mona



GRENSELØS OMSORG

TIL SALGS

Skjellsand kr. 110,- pr. 7 hl.
utkjørt.

Har og sand, singel og grus.
Jakob Ullenes, 4150 Rennesøy
tlf. 0451 32 87
mobil 060 70873



BOKN KOMMUNE

TELEFON (04) 74 85 00 — TELEFAX (04) 74 86 90

4290 BOKN

Bokn helse- og sosialstyre har
midlar som skal gå til
styrking av leiarsituasjonen i
lag og foreningar for barn og
unge. I praksis vil det seia
at ein ynskjer å gi ei lita
oppmuntring og støtte til
leiariane i form av pengar for
den innsatsen dei gjer når det

STØTTE TIL LEIARAR AV BARNE/UNGDOMSLAG

gjeld å aktivisera barn og
unge i Bokn. Dei foreiningane
som har fleire leiatar må dela
tildelte midlar mellom desse.
Søknadsskjema får ein ved å
venda seg til sosialkontoret.

Søknadsfrist: 12. november 1993

BOKN BYGDABLAÐ

UTGJEVAR:

Bokn kommune, kulturkontoret
4290 Bokn, tlf. 52 74 85 00
Postgirokonto 0806 5 68 45 01
Bankgirokonto 3373.07.00305

BYGDABLAÐNEMND:

Ingunn Våge
Arvid K. Jøsang
Liv Vatnaland

REDAKTØR:

Reidar Alvestad

ABONNEMENT:

Gratis til alle husstandar i Bokn
Utanbygds: kr. 100,- pr. år

ANNONSEPRISAR:

Heilside: kr. 300,-
Halv side: kr. 150,-
1/4 side: kr. 75,-
1/8 side: kr. 50,-
Små privatannonser: kr. 10,-

FRIST FOR STOFF:

Den 20. i kvar mnd. 10. nr. årleg

ARRANGEMENT:

- 03.11. Bingo kl. 19.00 (skulekorpset)
06.11. Swingklubben - haustfest
20.11. Dans:arr: idrettsl./Bokn Brass
27.11. Julemesse:Bokn Brass/skulek.
12.12. Lucia-fest: Arr: skulekorpset



HAUSTFEST

*Bokn Swingklubb har haustfest på
Bokn skule den 6. november kl.
20.30.*

*Matservering og god dansemusikk.
Påmelding innan tysdag 2.nov.
Tlf. 52748566 - 52748557
KOM OG DANS!*

RØDE KORS INFORMERER:

- 19.11: Besøkstenesta har
julemesse i Boknatun.
28.11: Tenning av julegran utenfor
Boknatun.

BASAR

Bedehusbasaren vert på Bokn
bedehus den 6.11.93.
Tale ved Finn Bårdsen.
Gåver mottas med takk.

07.11: kl. 11.00 Høgmesse
v/kateket Matre. Nattverd

21.11: kl. 11.00 Fam.gudsteneste
v/sokneprest Sandvik. Utdeling
av "Mi kyrkjebok til 4-åringar.

SUNDAGSSKULE

14. NOVEMBER KL. 14.00 PÅ
KYRKJEBYGD SKULE

FOTPLEIE

Det vert fotpleie desse dagane:
ONSDAG DEN 10. NOVEMBER
ONSDAG DEN 8. DESEMBER
Påmelding tlf. 52 74 85 00

KULTURPRIS

Den 12.desember på Luciafesten
vil det bli utdelt kulturpris